

# Utviklingshemming

Det å ha ei utviklingshemming påverkar korleis ein fungerer, på fleire område. Mellom anna bruker barn og elevar med utviklingshemming lengre tid enn andre på å lære kommunikasjon, språk, ferdigheiter og kunnskap. Grada av utviklingshemming har mykje å seie for kor lang tid det tek å lære og utvikle nye ferdigheiter.

---

**ARTIKKEL** | SIST ENDRET: 06.07.2023

---

De som jobbar i barnehagar og skular, bør vite kva som kjenneteiknar dei ulike gradene av utviklingshemming, og korleis de best mogleg kan leggje til rette for kvart enkelt barn eller kvar enkelt elev.

## Kva er utviklingshemming?

Barn og elevar med utviklingshemming er ei samansett og mangfaldig gruppe. Det dei har til felles, er at utviklinga deira går saktare, og at dei mellom anna bruker betydeleg lengre tid enn jamaldra på å lære kommunikasjon, språk, ferdigheiter og kunnskap.

Lærevanskar er den viktigaste fellesutfordringa for barn og elevar med utviklingshemming. Vanskane med å lære heng ofte saman med at desse barna og elevane har redusert kapasitet til å oppfatte, vurdere, omarbeide, lagre og handle målretta ut frå informasjon frå omgivnadene.

Omtrent 1 til 3 prosent av befolkninga har ei utviklingshemming.

Det er vanleg å skilje mellom fire grader eller nivå av utviklingshemming:

- lett eller mild grad

- moderat grad
- alvorleg grad
- djup grad

Omtrent 85 prosent av alle barn og elevar med utviklingshemming har lett eller mild grad. I barnehagealder er forseinka språkutvikling ofte noko av det første som blir merkbar. I skulealder merkar ein ofte lærevanskar og ei generelt sein utvikling.

Barn og elevar med moderat utviklingshemming har større grad av forseinka utvikling og er meir avhengige av å ta omsyn til det konkrete og nære. Både språkutviklinga og den motoriske utviklinga er som regel merkbar forseinka. I dei fleste tilfella blir dette tydeleg dei første leveåra. Omtrent 10 prosent av alle med utviklingshemming har moderat grad.

Barn og elevar med alvorleg og djup utviklingshemming er i dei fleste tilfella betydeleg forseinka på dei fleste eller alle område. Av den grunn får dei som regel diagnosen tidleg i livet.

## Årsaker til utviklingshemming

Utviklingshemming er ein diagnose som blir stilt på bakgrunn av at barnet viser betydeleg forseinka utvikling samanlikna med jamaldra. Det betyr at barn og elevar som til dømes har Downs syndrom, òg kan få diagnosen utviklingshemming. Downs syndrom er då årsaka til utviklingshemminga.

Hos omtrent 20 prosent av dei som får diagnosen utviklingshemming, finn ein inga sikker årsak, men det er vanleg å undersøkje om det har skjedd noko i løpet av svangerskapet, under fødselen eller i den første perioden etter fødselen.

Barn og elevar med utviklingshemming har oftare enn andre òg tilleggsvanskar som epilepsi, cerebral parese og nedsett syn og/eller høyrsel.

[Les meir om utviklingshemming hos Helsenorge](#)

## Korleis kjenne att og greie ut utviklingshemming?

Skal ein kunne støtte barn og elevar med utviklingshemming på ein god måte, er det viktig å fange opp behovet og setje inn tiltak så tidleg som mogleg.

Når eit barn har moderat til djup grad av utviklingshemming, vil utviklingshemminga som regel bli avdekt tidleg – nokre gonger allereie ved fødselen.

Eit barn med lett grad av utviklingshemming kan derimot komme opp i skulealder før nokon mistenkjer at noko ikkje stemmer. Når krava aukar, kan de gjerne merke at barnet ikkje heng like godt med som jamaldra.

Sein språkutvikling kan vere eit tidleg teikn på lett utviklingshemming. Likevel er det først aktuelt å stille spørsmål om utviklingshemming når barnet har utfordringar og hjelpebehov på fleire område. Etter kvart som barnet blir eldre, vil avstanden til jamaldra auke og utfordringane bli tydelegare.

For å få diagnosen utviklingshemming må barnet eller eleven vere betydeleg forseinka på fleire av desse områda:

- kognitiv utvikling
- kommunikasjon og språkutvikling
- sosial fungering
- sjølvhjelpsevne i aktivitetar og gjeremål i kvardagen

## Kartleggje og greie ut

**Foreldre** som er bekymra for barnet sitt, kan kontakte barnehagen, skulen og PP-tenesta. Det er foreldra som kjenner barnet best, og deira tankar og bekymringar om utviklinga til barnet er noko ein bør ta på alvor og lytte til. Erfaringane og observasjonane foreldra har gjort over tid, er viktig informasjon ved utgreiing.

**Barnehage og skule** har gjennom observasjon og kartlegging eit godt grunnlag for å samanlikne barnet eller eleven med jamaldra. Dersom de mistenkjer at eit barn har utviklingshemming, kan de systematisk observere språkutviklinga, den sosiale fungeringa og hjelpebehovet i praktiske dagleglivssituasjonar. Dersom barnet på fleire område ikkje fungerer på det nivået de forventar ut frå alderen, bør de ta initiativ til ei utgreiing.

**PP-tenesta** bidreg med kompetanse og rådgiving til barnehagar, skular og foreldre. I tillegg greier dei ut barnet eller eleven vidare, til dømes ved observasjonar, screening og testing. PP-tenesta vurderer om barnet eller eleven har rett til spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.

**Barne- og ungdomspsykiatrien (BUP) eller habiliteringstenesta (HABU)** greier ut og diagnostiserer ved mistanke om utviklingshemming. Fastlegen tilviser til spesialisthelsetenesta.

Ved diagnostisering bruker ein framleis nemninga psykisk utviklingshemming.

Les meir: [Gjenkjenne og kartlegge spesialpedagogiske behov](#)

## Tilrettelegging for barn og elevar med utviklingshemming

Med god tilrettelegging kan de bidra til at barn og elevar med utviklingshemming får utvikle seg, lære, trivast, ha god livskvalitet og bidra i samfunn og fellesskap. Det er viktig at de møter barn og elevar med utviklingshemming med høge og realistiske forventningar.

For barn og elevar med alvorleg eller djup grad av utviklingshemming er grunnleggjande kommunikasjon og eit fokus på her-og-no-situasjonen sentralt ved tilrettelegging. For barn og elevar med lett/mild eller moderat grad er det stor variasjon i støttebehovet. Mange har gode føresetnader for å lære praktiske og kommunikative ferdigheiter, men dei bruker ofte lengre tid enn jamaldra.

God tilrettelegging handlar mellom anna om å finne kommunikasjonsmåtar som passar barnet eller eleven. Kommunikasjon og språk er sentrale læringsområde, og mange kan ha god nytte av [alternativ og supplerande kommunikasjon \(ASK\)](#).

De bør òg sørge for struktur og føreseielege rammer i kvardagen. Barn og elevar med utviklingshemming har ofte utfordringar med å omarbeide og prosessere store mengder informasjon samtidig. De bør derfor bryte ned informasjonen i mindre

porsjonar og kommunisere tydeleg. For mange vil det vere nyttig å bruke visuell støtte og grafiske ASK-symbol.

Inkludering og deltaking er viktig for livskvaliteten til barna og elevane og for kjensla deira av å høyre til i barnehage- og skulekvardagen. Dette kan de leggje til rette for ved at barn og elevar med utviklingshemming får

- fysisk tilgang til gruppa eller klassen
- høve til å bidra i fellesskapet
- høve til å seie kva dei meiner om aktivitetar og oppgåver
- delta i læringsaktivitetar
- delta i det sosiale fellesskapet
- eit sosialt og fagleg læringsutbytte

Både helsetenesta og PP-tenesta kan hjelpe dykk med rettleiing og oppfølging.

## **Spesialundervisning**

Elever som ikkje har tilstrekkelig utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. For elevar med utviklingshemming kan det vere nyttig å tilpasse kompetansemål, og i staden prioritere målområde som eigenomsorg, kommunikasjon, nærleik og samhøyr og praktiske ferdigheiter.

Grada av utviklingshemming har mykje å seie for kva behov barnet eller eleven har for spesialpedagogisk hjelp eller spesialundervisning.

Barn under opplæringspliktig alder har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom utgreiinga konkluderer med at dei har behov for det.

Les meir: [Tilrettelegging for barn og elever med behov for ekstra støtte](#)

[Statped har nyttige ressursar om utviklingshemming.](#)

